



# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgave Bergen

BACHD401

### Predefinert informasjon

Startdato:	11-05-2023 09:00 CEST	Termin:	2023 VÅR
Sluttdato:	25-05-2023 14:00 CEST	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave - Bergen		
Flowkode:	203 BACHD401 1 OBE 2023 VÅR		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

### Deltaker

Kandidatnr.:	241
--------------	-----

### Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	11989
---------------	-------

Sett hake dersom ja  
besuarelsen kan brukes  
som eksempel i  
undervisning?:

Jeg bekrefter at jeg har ja  
registrert  
oppgavetittelen på  
norsk og engelsk i  
StudentWeb og vet at  
denne vil stå på  
uitnemålet mitt \*:

Egenerklæring \*:  
Ja  
Inneholder besuarelsen Nei  
konfidensielt  
materiale?:

### Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

### Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei



# BACHELOROPPGÅVE

Barnehageleiing – ytre krav i møte med dagleg drift

Kindergarten management – external requirements and daily work

**Kandidatnummer: 241 & 256**

**BACHD401**

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Rettleiar: Solveig Marie Borgund

Innleveringsdato: 25.05.2023

Tal ord: 11989

Me stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

## Forord

Denne bacheloroppgåva markerer slutten av tida vår på barnehagelærarstudiet. Den er såleis med å synleggjera kunnskapen me har tileigna oss. Barnehagelærarprofesjonen er mangfaldig, spanande og viktig. Til tross for at studiet generelt, og gjerne bachelorskrivinga spesielt, har vore krevjande, har det vore ubeskriveleg kjekt, meiningsfullt og lærerikt. Ein ting er at ein har utvida kompetansen, men mest av alt har me utvikla oss som menneskje i løpet av studietida. Me vil retta ein stor takk til vår rettleiar, Solveig Marie Borgund, som med sin velvilje og fleksibilitet har vore til uvurderleg hjelp og støtte, samt bidrege til vår forståing i høve bacheloroppgåva. Me vil også takka informantane våre, som velvillig stilte opp på kort varsel. Med kvar dykkar bidrag har de gjeve oss betre innsikt i barnehagesektoren. Til sist vil me takka familiane våre, som har utvist tolmod og forståing når me har vore utilgjengeleg i lengre periodar gjennom skriveprosessen.

Til alle våre medstudentar, tusen takk for fire fantastiske og uforgløymelege år. De har bidrege til at studietida vart ei danningsreise som har fylt sekken vår med ny innsikt, gode idéar og lærerike refleksjonar, samt minner og venskap for livet.

## ABSTRACT

In this bachelor's thesis, we wanted to find out what implications external management has for leadership and day-to-day life in the kindergarten. The issue is based on our theme, kindergarten management - external requirements and daily work. The theme has been chosen based on our experience from working in kindergartens over many years. To find answers to our problem, we chose a qualitative method, in the form of semi-structured interviews. The informants consist of a kindergarten manager and an educational leader from a municipal kindergarten, as well as from a private kindergarten. The empiricism shows that our informants see the external requirements as valuable, but nevertheless agree that it is challenging to implement them in the best interest of the child with today's staffing.

## Innhold

ABSTRACT .....	
1.0 Innleiring.....	1
1.1 Tema og problemstilling.....	1
1.2 Oppbygging av oppgåva.....	2
2.0 Bakgrunn og tidlegare forsking.....	3
2.1 Bakgrunn .....	3
2.2 Tidlegare forsking.....	4
3.0 Teori.....	6
3.1 Omgrepssavklaring .....	6
3.2 Det instrumentelle organisasjonsperspektivet .....	7
3.3 Det institusjonelle organisasjonsperspektivet.....	8
3.4 Oppsummering .....	8
4.0 Metode.....	9
4.1 Val av metode .....	9
4.2 Val av informantar .....	9
4.3 Presentasjon av informantar og barnehagar.....	10
4.4 Gjennomføring av intervju .....	10
4.5 Etterarbeid, transkribering og tolking.....	10
4.6 Validitet, reliabilitet og feilkjelder.....	11
4.7 Metodiske utfordringar.....	11
4.8 Etiske omsyn .....	12
4.9 Oppsummering .....	12
5.0 Empiri.....	13
5.1 Barnet sitt beste .....	13
5.2 Drifta av barnehagen .....	14
5.3 Krav kontra ressursar.....	15

5.4	Leiinga sine oppgåver .....	17
5.5	Rammeplanen.....	18
5.6	Prioriteringar og hindringar.....	20
5.7	Moglegheiter i framtida.....	21
5.8	Oppsummering .....	23
6.0	Drøfting .....	25
6.1	Endringar på barnehagefeltet, rammeplanen, og barnet sitt beste .....	25
6.2	Dilemma .....	27
6.3	Bemanning.....	30
6.4	Oppsummering .....	32
7.0	Avslutning .....	33
	Litteraturliste .....	34
	Vedlegg 1.....	36
	Vedlegg 2.....	37
	Vedlegg 3.....	38
	Vedlegg 4.....	41

## 1.0 Innleiing

I denne oppgåva vil me sjå på korleis barnehagar vert påverka av ekstern styring frå stat, kommune og eigar, samt korleis dette påverkar dei i det daglege arbeidet med barna. Med mange års erfaring frå arbeid i barnehage, har me begge opplevd at det stundom er krevjande å få gjennomført krava frå myndigheter i den travle kvardagen i barnehagen, og me er interessert i å finne ut korleis andre opplever det. Me ser det også som eit paradoks at ein tek utdanninga for å kunne realisere kravet om å innfri barnet sitt beste, samtidig som realiteten syner at det organisatoriske tek mykje av tida til dei som har den formelle kompetansen i barnehagane. For å få innblikk i dette har me valt å intervju to styrarar og to pedagogiske leiarar, i ein kommunal og ein privat barnehage. Datamaterialet vert sett på gjennom det instrumentelle og det institusjonelle organisasjonsperspektivet. Me vil gjere greie for perspektiva, samt dei mest sentrale omgrepa i oppgåva, og me viser også til tidlegare forsking. Målet vårt er å få ny forståing for korleis ein på best mogleg måte kan innfri ytre krav, samstundes som ein oppnår å arbeide i tråd med barnet sitt beste.

### 1.1 Tema og problemstilling

Me er interesserte i korleis ekstern styring frå stat, kommune og eigar, som styrarar og pedagogiske leiarar i barnehagen må halde seg til, påverkar andre krav som omhandlar barna. I arbeidet med oppgåva har tema og problemstilling endra seg noko, og er difor ikkje heilt i samsvar med alt i vedlegga. Temaet vårt er «Barnehageleiing – ytre krav i møte med dagleg drift». Temaet speglar igjen det me er oppteken av, og stundom erfarer i barnehagen. Enkelte avgjerder kan opplevast som både nyttig og ein fordel på papiret, men i praksis kjem ein i konflikt med å skulle arbeide i tråd med føringar som er til barnet sitt beste. Difor vil me utforske korleis andre opplever dette. På bakgrunn av dette vart problemstillinga vår følgjande:

Kva implikasjonar får ekstern styring for leiing og det daglege arbeidet i barnehagen?

For å svare på problemstillinga, har me nytta ein kvalitativ metode, i form av semi-strukturerte intervju (Dalland, 2020). Ved å intervju ein styrar og ein pedagogisk leiar i ein kommunal barnehage, samt i ein privat, vil me kunne få fram kva erfaring dei har med dette.

## 1.2 Oppbygging av oppgåva

Denne oppgåva har sju kapittel inkludert innleiinga, der tema og problemstilling vert presentert. I kapittel to tek me føre oss bakgrunn og tidlegare forsking, før det blir kasta lys over teori og sentrale omgrep i kapittel tre. I kapittel fire beskriv me val av metode, metodiske utfordringar, validitet, feilkjelder og etiske omsyn. Empirien vert analysert i kapittel fem. Deretter kjem drøfting i kapittel seks. I kapittel sju kjem avslutninga. Kjeldetilvising og vedlegg kjem til sist.

## 2.0 Bakgrunn og tidlegare forsking

I dette kapittelet vil me klargjere sentrale styringsdokument barnehagane har å halde seg til, samt kva nokon av desse seier om oppgåvene til ekstern styring og leiing i barnehagen. Me viser også til tidlegare forsking som har vore relevant for oppgåva vår.

### 2.1 Bakgrunn

Barnehagelova, barnekonvensjonen og rammeplan for barnehagen er nokon av dei mest sentrale styringsdokumenta for barnehagen. Desse gjev mellom anna føringar i høve barnet sitt beste, og beskriv tydeleg kva krav som er gjeldande for pedagogiske leiarar, styrarar og eigarar (Kunnskapsdepartementet, 2017). Under kapittelet “Barnehagen som pedagogisk verksemد” (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37-38) vert det presisert at arbeidet i barnehagen skal planleggjast, vurderast og dokumenterast, samt at det skal utarbeidast ein årssplan, som er eit reiskap for heile barnehagepersonalet. Dette er krav som skal skriftleggjerast, og som barnehagemynde kan føre tilsyn med. Kommunen er lokal barnehagemynde, og skal gje rettleiing, samt sjå til at barnehagar vert driven i samsvar med føresegner i barnehagelova (Barnehagelova, 2005, § 10). I tillegg til desse eksterne krava kjem det stadig revideringar av forskrifter, samt nye paragrafar i eksisterande lovverk. Som døme kan ein nemne kapittel 8, § 41-43 i barnehagelova, om psykososialt barnehagemiljø. Dette krev meirarbeid for heile barnehagepersonalet, og er ikkje noko korkje styrar eller andre kan velje vekk. Private barnehagar og kommunale barnehagar kan også få pålegg frå sine eigarar, i form av nasjonale satsingar, eller program som personalgrupper skal sertifiserast i, til dømes ICDP<sup>1</sup>. Me går ikkje nærrare inn på dette, då det ikkje har betyding for føremålet med oppgåva. Dei kommunale barnehagane er eigd av sin respektive kommune, medan private til dømes kan vere del av ei større kjede eller enkeltståande aktørar. Likevel vil det i barnehagesektoren vere slik at både kommunale og private barnehagar er knytt saman i det som ber preg av marknadstrekk. Det er fritt brukarval, og uavhengig av eigarskap vil begge variantar verte finansiert av det offentlege, utifrå tal brukarar (Børhaug & Lotsberg, 2016, s. 58). Såleis kan ein sei at begge er underlagt kommunen, men private vil likevel stå friare i drifta når det kjem til satsingar og liknande.

---

<sup>1</sup> (<https://www.icdp.no/>, u.å.)

## 2.2 Tidlegare forsking

Børhaug & Lotsberg (2016) presenterer forskingsbasert kunnskap om barnehageleiing. Her synleggjer dei mellom anna at mykje organisatorisk arbeid har blitt delegert frå styrarar til pedagogiske leiarar, og at pedagogiske leiarar sitt ansvarsområde er blitt større som følgje av dette.

Hennum & Østrem (2016) synleggjer dilemma og verdikonfliktane profesjonsutøvarar i barnehagane møter på. Lojaliteten til barnehagelærarar ligg primært hjå barna, samstundes som dei er forplikta til å arbeide i tråd med ytre krav, til dømes frå staten som oppdragsgjevar.

Thoresen (2015) framhevar profesjonen sin eigenart. Hennar arbeid synleggjer barnehagelærarane si rolle som ambassadørar for barna, men også betydinga barnehagelærarane har i samfunnet. Ho løftar fram myndigkeitene si auka interesse for barnehagane, samt at læringsfokuset vert meir vektlagd enn tidlegare. Fokuset på kunnskap og måling av ferdigheiter, står i kontrast til barnehagelærarane sitt fokus på barnet her og no, der barna sine interesser har vore utgangspunkt for læringa (Thoresen, 2015, s. 166-167).

Aarre & Blom (2012) viser til endringane på barnehagefeltet, og løftar mellom anna fram barndom og oppvekst i eit historisk perspektiv. Dei beskriv barnehageutviklinga, samt innføringa av styringsdokument for barnehagen, og kva følgjer dette har fått for barna og innhaldet i barnehagen.

Larsen & Slåtten (2019, s. 26-27), peikar på at innhaldet i sosialiseringss prosessen vil variere, som følgje av at samfunnet stadig er i endring. Den vert påverka av fleire faktorar, mellom anna av synet som rår i samfunnet i høve kva ein meiner barn bør tilegne seg av verdiar og kunnskapar. Det vil også vere variasjonar mellom foreldre og ulike kulturar kva dei ser som viktigast. I tillegg er barna aktive aktørar i eigne liv, og skal utvikle sin identitet ut ifrå sine behov og interesser. Sosialiseringss prosessen skal såleis tilfredsstilje både enkeltindividia og samfunnet sine behov.

Eide & Danielsen (2021), viser til resultata frå ein barnehagestudie om implementeringa av rammeplan for barnehagen. Studien har føreteke kvalitative undersøkingar i 19 barnehagar, for å kartlegge korleis barnehagetilsette forstår, samt arbeider med rammeplanen frå 2017.

Børhaug & Bøe (2022), representerer ei vidareføring av rapporten som Kunnskapsdepartementet si ekspertgruppe, utarbeida i 2018. Rapporten såg på korleis

barnehagelærarrolla har utvikla seg fram til i dag, samt korleis den kunne utviklast som profesjonsrolle i framtida.

Kvistad & Søbstad (2005) seier at felles forståing i ei personalgruppe er sentralt. I pedagogisk arbeid er dette grunnleggande, og då særskilt når det kjem til endrings- og utviklingsarbeid. Stadige endringar i føringar frå eksternt hald, samt implementeringar av nytt lovverk og nye forskrifter krev at ein i personalgruppa etablerer felles forståing for kva føringane inneber.

Ødegård & Røys (2013) ser på ulike perspektiv på pedagogisk leiing, og uttrykkjer at ein ser ein tendens til at fleire oppgåver som tidlegare var styrar sitt ansvar, no vert delegert til dei pedagogiske leiarane.

Aasen (2021) viser til både eiga forsking samt andre si, når ho omtalar metodefridomen, også kjent som autonomien, barnehagelærarane har. Metodefridomen er tufta på profesjonell kompetanse. I følgje Molander (referert i Aasen, 2021, s. 39) er profesjonsutøvarane sin autonomi basert på tillit til at dei gjer gode vurderingar som tener både barna og myndighetene. Pettersvold & Østrem (referert i Aasen, 2021, s. 39-40) framhevar at politiske vedtak, som til dømes rammeplan ikkje kan beskrive i detalj korleis barnehagelæraren skal handle i dei komplekse situasjonane som oppstår i barnehagen. Autonomien er meir knytt til det pedagogiske, og kompetansen barnehagelærarane har opparbeidd seg i høve å vurdere kva som er det beste for barna ved hjelp av sitt faglege skjønn. Barnehagelæraren kan då hamne i eit krysspress, når nye rammeplanar vert innført.

## 3.0 Teori

For å belyse og analysere dei resultata ein har fått gjennom innsamling av empiri, må ein ta i bruk teoretiske perspektiv. I arbeidet vårt med denne oppgåva har me valt ei induktiv tilnærming (Johannessen et al., 2021, s. 30) Me starta difor å samle inn data, utan å ha valt noko teoretisk perspektiv som utgangspunkt. I dette kapittelet gjer me først greie for sentrale omgrep som er relevant i oppgåva vår. Deretter gjer me greie for organisasjonsperspektiva, som er det teoretiske rammeverket vårt. Empirien vil bli analysert ved hjelp av det instrumentelle og det institusjonelle organisasjonsperspektivet.

### 3.1 Omgrepsavklaring

Her vil me gjere greie for sentrale omgrep i oppgåva.

#### **Ekstern styring**

I oppgåva vår viser ekstern styring til stat, kommune og barnehageeigar, samt krav og føringar som vert stilt til barnehagane frå desse ulike aktørane. Til dømes barnehagelova og rammeplan for barnehagen. Nye krav i rammeplanen betyr sterkare fagleg styring (Aarre & Blom, 2012, s. 98). Staten, kommunane og barnehageeigarar går inn under det opne perspektivet, også kalla tekniske omgjevnader, i det instrumentelle perspektivet (Børhaug et al., 2011). Det er også dei som tildeler barnehagen ressursar i form av til dømes arbeidskraft, pengar og kompetanse, mot at dei yter noko tilbake (Børhaug et al., 2011, s. 25-26).

#### **Leiing**

I denne samanhengen viser leiing til styrarane og pedagogiske leiarar i barnehagen sine oppgåver, samt korleis dei utfører arbeidet sitt i barnehagane. Styrar har det daglege ansvaret i barnehagen, administrativt, personalmessig og pedagogisk. Pedagogisk leiar har ansvar for planlegging, gjennomføring, dokumentering, og vurdering, samt utvikling av arbeidet i barnegruppa (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 16). Omgrepa økonomisk/organisatorisk og administrativt dekker i vårt høve det same. Då føremålet vårt med oppgåva ikkje omhandlar leiing som fenomen, går me ikkje nærare inn på det her.

#### **Det daglege arbeidet i barnehagen**

Her viser det daglege arbeidet til rutinar, normer, verdiar og aktivitetar som finn stad i barnehagen. Fagområda i rammeplanen inngår såleis i dette, samt andre føringar som handlar

om barnet sitt beste i form av omsorg, tryggleik, utvikling, leik og læring (Kunnskapsdepartementet, 2017).

### 3.2 Det instrumentelle organisasjonsperspektivet

Dette organisasjonsperspektivet har to variantar, den hierarkiske varianten og forhandlingsvarianten. I den hierarkiske varianten vert mål for organisasjonen definert frå leiinga, det vere seg eigar, stat eller kommune, medan det er organisasjonen sjølv som vel metodar og måtar å nå desse måla på. Leiinga ser på organisasjonen som eit instrument for å nå dei definerte måla, på ein hensiktsmessig og god måte (Børhaug et al., 2011, s. 22). For å sikre at alle deltakarar i organisasjonen arbeider målretta og samla mot måloppnåing, utarbeider ein gjerne reglar, rutinar og retningsliner for arbeidet. Desse vert gjort personuavhengig, slik at ein sikrar progresjon, sjølv om personalet vert skifta ut. Rammene vil gje deltakarane i organisasjonen oversikt over kva som skal gjerast, på kva måte det skal gjerast, av kven, og når (Børhaug et al., 2011, s.22). I barnehagen kan dette gjerne illustrerast gjennom rutinebeskrivingar som gjeld dei ulike vaktene i turnusen. Det at perspektivet vert kalla hierarkisk, ser ein ved at leiinga delegerer oppgåver til lågare nivå i organisasjonen, dei vil også etterprøve at oppgåvene vert gjennomført, samt at om det vert usikkerheit kring gjennomføring av oppgåver på lågt nivå, vender ein seg til leiinga for å få rettleiing (Børhaug et al., 2011, s. 22-23).

Den andre varianten i det instrumentelle perspektivet, forhandlingsvarianten, vektlegg at ein i organisasjonar har fleire aktørar med påverknadskraft enn berre leiinga (Børhaug et al., 2011, s. 23). I barnehagen er det fleire aktørar som må arbeide saman for å nå måla for organisasjonen, som til dømes tilsette, foreldre, og fagforeiningar. I eit slikt perspektiv vil måla bli definert ved at dei ulike aktørane set sine eigne interesser opp mot kvarandre, noko som igjen kan gje grobotn for interessekonfliktar (Børhaug et al., 2011, s. 24). Slike konfliktar kan løysast på fleire måtar. Til dømes kan aktørane danne alliansar, inngå kompromiss, eller unngå å fokusere på dei motstridande interessene, men heller samle seg kring felles verkemiddel for måloppnåing (Børhaug et al., 2011, s. 24).

Barnehagen må også halde seg til dei tekniske omgjevnader, til dømes stat, eigar og kommune. Her mottek dei ressursar i form av til dømes kompetanse og arbeidskraft. Dei må då yte noko tilbake (Børhaug et al., 2011, s. 25-26).

### 3.3 Det institusjonelle organisasjonsperspektivet

Det institusjonelle organisasjonsperspektivet har to variantar. Organisasjonskulturen, eller det kulturelle perspektivet, er dei felles og ikkje uttalte verdiane, normene, haldningane og synet på røynda, som finns i organisasjonen (Børhaug et al., 2011, s. 25). Innanfor organisasjonen vert haldningar og verdiar danna gjennom samhandling over tid. Dei vert ein fellesnemnar i organisasjonen, og eventuelt nye medlemmer vert sosialisert inn i dei felles verdiane (Børhaug et al., 2011, s. 28). Organisasjonskulturen er eit uttrykk for sterke overtydingar, samt «slik gjer me det her»-haldningar. Den andre varianten vert omtala som institusjonaliserte omgjevnader. Det kan til dømes handle om modellar av korleis ein god organisasjon skal vere, ergo idèar eller organisasjonsoppskrifter (Børhaug et al., 2011, s. 28).

### 3.4 Oppsummering

I dette kapittelet har me gjort greie for omgrepene ekstern styring, leiing og det daglege livet i barnehagen. Vidare har me beskrive dei to overordna perspektiva, som ein kan sjå barnehagen som organisasjon gjennom. Det instrumentelle perspektivet og det institusjonelle. Desse perspektiva vil me nytte til å analysere empirien vår.

## 4.0 Metode

I dette kapittelet gjer me greie for val av metode, grunngjev bakgrunnen for valet, samt korleis me har gått fram for å svare på problemstillinga vår. Dalland (2020, s. 53) refererer til Aubert (1985, s. 196) som seier at metode er ein framgangsmåte, eller problemløysingsmåte, som fører til læring og ny kunnskap. Metoden er reiskapen vår til å samle informasjon om det vi vil undersøkje (Dalland, 2020, s. 54).

### 4.1 Val av metode

For å finne svar på ulike forskingsspørsmål kan ein nytte seg av vitskapleg metode som teknikk eller framgangsmåte. Målet er å få informasjon om det ein forskar på, samt kunnskap om korleis denne kan analyserast. Ein sentral del av empirisk forsking omhandlar å samle inn data, og analysere og tolke funna (Bergsland & Jæger, 2022, s. 28). Det finns mange vegar å gå for å belyse ulike problemstillingar. I denne oppgåva har me nytta semi-strukturerte intervju. Bakgrunnen for val av metode er at vi meiner akkurat denne metoden høver best til å belyse problemstillinga vår (Dalland, 2020, s. 53). Semi-strukturert intervju er ein samtale mellom respondent og forskar, styrt av forskaren. Samtalen følgjer ein intervjuguide, som er tilpassa tema og problemstilling. Det er ein kvalitativ metode, som inneber at ein er oppteken av opplevinga og meininga til enkeltmennesket, ergo er den ikkje målbar (Dalland, 2020, s. 54). Ved bruk av intervju som metode vil me få innblikk i korleis pedagogar og styrarar gjennomfører jobben med å stette dei aukande eksterne krava, til dømes frå stat, kommune, eigarar etc., samt korleis dei opplever at dette verkar inn på leiing og det daglege livet i barnehagen.

### 4.2 Val av informantar

I Noreg er om lag halvparten av barnehagane i kommunal eige, medan den andre halvparten er eigd av ei samansett gruppe av organisasjonar, bedrifter, foreldre med fleire (Børhaug & Lotsberg, 2016, s. 206). Det var viktig for oss at informantane representerte både kommunale og private aktørar i feltet, for å kunne avdekke eventuelle ulikskapar. For å kartlegge korleis barnehagetilsette opplever at eksterne krav barnehagane vert pålagt påverkar det daglege livet i barnehagen, vart det naturleg at våre informantar var styrar og pedagogisk leiar. Ved å velje både pedagogar og styrarar, vil me kunne synleggjere dei ulike rollane desse har i barnehagen, deira høve til ekstern styring, samt få moglegheit til å avdekka interessekonfliktar dei kan

støyte på i arbeidskvardagen. Me har gjort eit strategisk utval, som betyr at ein vel informantar med kunnskap og erfaring som er strategiske for å få datamateriale til problemstillinga (Bergsland & Jæger, 2022, s. 42). For å sjå om det var ulikskapar i opplevinga av ekstern styring, valde me styrarar og pedagogiske leiarar frå ein communal barnehage og ein privat.

#### 4.3 Presentasjon av informantar og barnehagar

Barnehage	Informantar	
Barnehage 1: <ul style="list-style-type: none"><li>• Privat</li><li>• Enkeltståande</li><li>• Einavdelingsbarnehage</li><li>• 18 barn (0-6 år)</li><li>• 6 tilsette (4,7 årsverk)</li></ul>	Styrar 1: <ul style="list-style-type: none"><li>• Kvinne</li><li>• 35 år i barnehage, 29 år som styrar</li><li>• Delt rolle styrar/pedagog</li></ul>	Pedagogisk leiar 1: <ul style="list-style-type: none"><li>• Kvinne</li><li>• 23 år i barnehage</li></ul>
Barnehage 2: <ul style="list-style-type: none"><li>• Kommunal</li><li>• Fire avdelingar</li></ul>	Styrar 2: <ul style="list-style-type: none"><li>• Kvinne</li><li>• 30 år i barnehage, 24 år som styrar</li></ul>	Pedagogisk leiar 2: <ul style="list-style-type: none"><li>• Mann</li><li>• 19 år i barnehage, 13 år som pedagogisk leiar</li></ul>

#### 4.4 Gjennomføring av intervju

Me valde bevisst å gjennomføre intervjeta i dei respektive barnehagane, for å møte informantane i deira vante miljø. Me var to forskarar til stades under intervjeta, som vart gjennomført ved hjelp av diktafon, i tillegg til at det vart teke notat. Diktafon er til god hjelp for å fange opp nyansar i stemmeleie og språk, samt bevare alt som blir sagt (Dalland, 2020, s. 91). I intervjustituasjonen var me bevisst måten å stille spørsmåla på, for å legge til rette for at informantane skulle svare så opent og reflekterande som mogleg (Bergsland & Jæger, 2022, s. 34).

#### 4.5 Etterarbeid, transkribering og tolking

Etterarbeidet med intervjeta var møysommeleg. Kvart intervju vart først transkribert, det vil sei at ein skriv ned ord for ord (Dalland, 2020, s. 95), deretter bearbeidd, slik at typiske munnlege ord vert fjerna og setningane får ein skriftleg form (Dalland, 2020, s. 96). Til slutt

vart den bearbeidde forma strukturert og tematisert, for å få oversikt over sentrale data, som kunne svare på undersøkinga vår. I tillegg vart dei delane av materialet som ikkje var relevant for vår forsking, eliminert bort. Den informasjonen me då sat igjen med vart kategorisert og strukturert, for å danne utgangspunktet for analyse og drøfting. For å sikre at det er informantane sine eigne tankar og meininger som dannar utgangspunktet for vår drøfting, har me vore opptatt av å ikkje nytte materiale som kan lesast som at det er våre eigne tolkingar som er lagt til grunn (Bergsland & Jæger, 2022, s. 45).

#### 4.6 Validitet, reliabilitet og feilkjelder

Wallén (1993, s. 25) seier at validitet står for gyldigheit og relevans (referert i Dalland, 2020, s. 43). Ergo må det me undersøkjer ha relevans for problemstillinga vår. Reliabilitet eller pålitelegheit, handlar om kor vidt arbeidet vårt er til å stole på (Dalland, 2020, s. 58). Det at me var to forskrarar til stades under intervjeta, samt brukte diktafon, kan vere med å styrke reliabiliteten. På den måten vil sjansen vera mindre for å gjere eigne tolkingar av informasjonen. Likevel mister ein noko under transkriberingsprosessen, slik som mimikk og kroppsspråk, som kan uttrykkje og underbygge verbalspråket på måtar ein ikkje fangar opp (Dalland, 2020, s. 95), eller som ein tolkar ulikt. Våre notat viste seg då å vere verdifulle, samt at me kunne gå gjennom første del av transkriberinga gjentekne gongar saman. Ved gjennomgang av intervjeta, såg me at det siste spørsmålet bar preg av førforståinga vår av det me ville undersøkje. Dette kan vere med å påverke resultatet av forskinga vår. Det at me hadde eit lite tal informantar er også noko som kan vere ei feilkjelde. Resultatet kunne vore annleis dersom me hadde fleire informantar.

#### 4.7 Metodiske utfordringar

Ved å velje kvalitativt intervju som metode, støtte me på ulike metodiske utfordringar. Å skaffe informantar til oppgåva var det første hinderet me møtte. Styrarane me snakka med opplevde eit stort påtrykk frå studentar i same ærend som oss, og argumenterte med at å ta pedagogiske leiarar ut av avdelinga for å gjennomføre intervju ville gå ut over barna. Då me begge har lang erfaring frå barnehagen, var me nok til dels forutinntatt i intervjustituasjonen. Det at me har fått ny kompetanse som følje av utdanninga, resulterte også i at me var engasjerte i samtalens, og interessert i all informasjonen intervjugersonane bidrog med. Intervjustituasjonen kan difor lett bli farga av dette, noko som stemmer godt med det Gadamer

referert i Bergsland & Jæger (2022, s. 30) hevdar, om at ingen metode kan uttømme sanninga, samt at den einskilde sine føresetnader er med å forme spørsmåla, samt farge svara. Me erfarte undervegs i intervjuet at det var utfordrande å leggje vekk førforståinga vår, kor eigne tankar og meininger om emnet ligg til grunn (Dalland, 2020, s. 60). Intervjuguiden bar nok også preg av vår førforståing av emnet, og i retrospekt ser me at enkelte av spørsmåla kunne vore utforma på ein lettare måte, då me opplevde å måtte gjenta spørsmål for informantane. Me erfarte også at det var vanskeleg å vere heilt verdinøytral under transkribering, og lett for å gjere eigne tolkingar undervegs.

#### 4.8 Etiske omsyn

I forskningsetikken står omsynet til personvernet sterkt, og det er sentralt at dei som deltek i forsking ikkje skal forulempast eller oppleve unødige belastningar (Dalland, 2020, s.168). Prosjektet vårt vart meldt inn til Sikt, der presentasjon av prosjektet, intervjuguide (Vedlegg 1), samt samtykkeerklæring (Vedlegg 2) vart sendt inn for godkjenning (Vedlegg 4). Deltakarane i prosjektet vart på førehand førelagt informasjonsskriv (Vedlegg 3) der dei mellom anna vart informert om målet for prosjektet, at all deltaking var frivillig, og at dei når som helst kunne trekke seg (Bergsland & Jæger, 2022, 47). Alle deltakarane er anonymisert i oppgåva, og gitt kodar for å skilje dei i teksten. At informantane vart lova konfidensialitet, var eit løfte om at personleg informasjon ikkje skulle delast slik at informantane kan identifiserast (Bergsland & Jæger, 2022, s. 47).

#### 4.9 Oppsummering

I dette kapittelet har me gjort greie for den kvalitative metoden, semi-strukturert intervju, som skal bidra til å svare på problemstillinga vår. Vidare har me grunngjeve val av informantar og presentert desse. Deretter har me gjort greie for gjennomføringa av intervjeta, etterarbeid, validitet, moglege feilkjelder, samt metodiske utfordringar me erfarte i prosessen.

Avslutningsvis har me lagt fram kva etiske omsyn me har teke i høve forskinga vår.

## 5.0 Empiri

I dette kapittelet presenterer me funna frå dei kvalitative semistrukturerte intervjeta, sett gjennom det instrumentelle og det institusjonelle organisasjonsperspektivet. Empiri er utsegn med grunnlag i erfaring frå verkelegheita, og skil seg frå synsing (Johannessen et al., 2021, s. 26). I lys av organisasjonsperspektiva, ser me på korleis dei ytre krava påverkar informantane i det daglege arbeidet. Empirien er strukturert kronologisk etter intervjuguiden, og analysen av empirien er grunnlaget for drøfting.

### 5.1 Barnet sitt beste

I lys av det instrumentelle perspektivet finns det ingen klar definisjon på kva som er barnet sitt beste i det som kjem fram i rammeplanen. På spørsmålet om kva informantane legg i omgrepet barnet sitt beste, hadde begge styrarane, uavhengig av eigarform, barnet si framtid i samfunnet dei er del av som hovudfokus.

«[...] vår jobb i barnehage er på en måte å sosialisere barnet inn i det samfunnet vi til enhver tid lever i» (Styrar 1).

Dette kan vere eit uttrykk for at styrarane sin tenking ber preg av nedskrivne føringar og samfunnet sine behov, i lys av det instrumentelle perspektivet (Børhaug et al., 2011). Styrar 1 løftar fram at det har vore endringar på barnehagefeltet i løpet av åra hen har vore tilsett i barnehage. Måten å utføre arbeidet på for 30 år sidan, er ulikt måten ein utfører arbeidet i dag. Dei pedagogiske leiarane hadde fokus på barnet sin her-og-no-situasjon. Sett i eit institusjonelt perspektiv, ser dei barna og barnehagen som ein verdi i seg sjølv (Børhug et al., 2011). Både styrar 1 og styrar 2, samt pedagogisk leiar i den kommunale barnehagen, er samstemde i at barnet sitt beste må vurderast individuelt, samstundes som ein tek omsyn til gruppa.

«Altså barn er forskjellige. Det som er barnets beste for Per, er ikkje barnets beste for Ola. Og den differensieringen er vi nødt til å ta godt vare på» (Styrar 1).

Styrar 2 og pedagogisk leiar 2 løftar fram balansen mellom individ og gruppe, særleg når det er barn i gruppa med særlege behov som krev tilrettelegging. Sett i det instrumentelle perspektiv er dei bevisst sitt ansvar i høve barna sin rett til særleg tilrettelegging ved behov, jf. Barnehagelova kap. 7, § 31-40. Dei har også forståing for rammeplanen sine føringar, som

viser til at barnet sine individuelle behov skal takast omsyn til (Kunnskapsdepartementet, 2017). Sett i det institusjonelle perspektivet, vil det vera ulikt kva den einskilde ser som det beste for eit barn, då verdiar og haldningar innanfor ei gruppe, og mellom individ vil variere (Børhaug et al., 2011).

Gjennom det instrumentelle perspektivet kan barnehagen sjåast som eit instrument, kor målet er å gje barna ein trygg oppvekst (Børhaug et al., 2011, s. 23). Samlege av informantane våre ser nettopp det å gje barna ein trygg og god oppvekst som viktig i høve barnet sitt beste, samt at dei skal ha ein god barndom generelt, trivast og utvikle seg. Foreldresamarbeid vert også nemnd. Pedagogisk leiar 2 utsykkjer også at godt personale samt at barna har ein ven, er viktig. I eit instrumentelt perspektiv framstår såleis både styrarane og dei pedagogiske leiarane som kompetente leiarar med forståing for oppdraget sitt, samt kva som er barnet sitt beste.

## 5.2 Drifta av barnehagen

På spørsmålet om informantane opplever at drifta av barnehagen vert lagt til rette for å vareta barna sitt beste, trur pedagogisk leiar 1 at dei som ein liten, enkeltståande, og privat barnehage står friare i drifta, enn dei kommunale. Likevel kjenner dei på presset om å følgje kommunen sine pålegg, noko som kan sjåast i lys av det instrumentelle perspektiv, der barnehagane skal følgje dei krav og forventningar som leiing og/eller eigar stiller (Børhaug et al., 2011, s. 22). Utfordringa pedagogisk leiar 1 generelt kjenner på, er når administrative oppgåver stel av tida ein ønsker å nytte på å gje barna gode opplevelingar.

«Det er no ein gang sånn her i verden, at den blir styrt av folk som ikkje kjenner, hybelkaninene» (Styrar 1).

Gjennom det instrumentelle perspektivet, den hierarkiske varianten (Børhaug et al., 2011), kan dette vera eit uttrykk for at styrar 1 opplever at staten ikkje har tilstrekkeleg kjennskap til korleis det daglege livet i barnehagen er. Hen opplever at avstanden frå dei som delegerer oppgåver, til dei som skal utføre oppgåvene, er for stor. Alle skjema, brukar- og spørjeundersøkingar kommunen sine ulike etatar sender ut, opplever hen som overveldande og tidstjuvar i barnehagekvardagen. Mellom anna har innføring av kapittel 8 om psykososialt barnehagemiljø jf. Barnehagelova § 41-43, ført til at styrar 1 opplever at autonomien vert svekka, og at personalet ikkje får gjort jobben sin slik som tidlegare. I det institusjonelle

perspektivet kan dette vere eit uttrykk for at dei allereie har gode rutinar for arbeid med det psykososiale miljøet i barnehagen (Børhaug et al., 2011, s. 27).

Pedagogisk leiar 2 svarar at barnehagen si organisering, fordelt på to hus, innbyr til å arbeide i tråd med barnet sitt beste. Hen grunngjev dette med rammene det gjev, små rom, få barn og tilstrekkeleg personale, som har moglegheit til å vere tett på barna. I følje pedagogisk leiar 2 er det ikkje ein bevisst tanke bak organiseringa. I det institusjonelle perspektivet, kan denne oppfatninga vere eit uttrykk for pedagogisk leiar sine verdiar, i høve kva organisering som er til barnet sitt beste (Børhaug et al., 2011).

Styrar 2 svarar at hen kontinuerleg står i eit dilemma, då ressursane ikkje står i samsvar med det hen skal gjennomføre. Dersom hen delegerer oppgåver til dei pedagogiske leiarane, får hen därleg samvit, då dei allereie har nok med sitt. Pedagogisk leiar 2 uttrykkjer at barnehagen si organisering med ei avdelinga i eige bygg, gjer at hen har kapasitet til å ta på seg fleire administrative oppgåver. Styrar 2 og pedagogisk leiar 2 ser altså ulikt på dette. I lys av det instrumentelle perspektiv, den hierarkiske varianten, kan dette vere eit uttrykk for at styrar 2 i sin leiarposisjon, har det øvste ansvaret for oppgåvene, og delegerer ved behov til nivået under, som er pedagogisk leiar (Børhaug et al., 2011). Styrar 2 uttrykkjer frustrasjon over dette med dilemma og bemanning gjentekne gongar, og nemner at å styrke bemanninga ville gjort det mindre sårbart ved sjukdom og fråvær.

«[...] og da komme vi plutselig i det dilemmaet igjen, altså kor er på ein måte bemanninga? Sant. Den er eg veldig veldig opptatt av» (Styrar 2).

### 5.3 Krav kontra ressursar

Om krava barnehagane vert stilt ovanfor, kan stettast på ein fagleg og forsvarleg måte, med dei ressursane ein har til rådighet, svarar styrar 1 føljande:

«Viss du meina at faglig og forsvarlig måte er full score på alt? Nei!».

Styrar 1 opplever at ein kan måtte fire på det faglege om barnehagen til ei kvar tid skal driftast forsvarleg, med dagens bemanning. Informantane i den private barnehagen opplever at bemanningsituasjon, samt ytre krav og føringar set avgrensingar for dette. Pedagogisk leiar 1 opplever at dersom ein skal ha fullt fokus på det faglege, kan ein vera nøydd til å enten utelukka ei gruppe barn, eller levere tenester som går på kompromiss med det forsvarlege. Det eine kan til ei viss grad utelukka det andre, slik pedagogisk leiar 1 uttrykkjer her:

Og så har vi fjellet her, som vi går over. Men vi kan jo ikkje kjøre vognen over der. Så har du de store som skulle hatt den utfordringen [...] men det kan du ikkje, fordi at alle må kjøre en vogn. [...] hadde du da hatt flere voksne så kunne du faktisk gjort det.

Dette kan sjåast gjennom begge dei organisasjonsteoretiske perspektiva. I det instrumentelle kan det vere eit uttrykk for at informantane i den private barnehagen, opplever å måtte sjonglere mellom dei faglege føringane som kjem fram i rammeplanen. Men det kan også sjåast som å vareta sikkerheita, som også framkjem i eit instrumentelt perspektiv. Sett i det institusjonelle perspektivet, kan det vera eit uttrykk for haldningane i kulturen, kor barnehagen sin eigen vurdering er at det ikkje er tilstrekkeleg personale til å vareta begge delar (Børhaug et al., 2011).

Styrar 2 erfarer at dei som del av ein storkommune, vert pålagt mange MÅ-oppgåver, til dømes HMS-arbeid, utbetring av bygg, kurs, rapportering og liknande. Når det stadig dukkar opp noko nytt vert det mykje ekstra arbeid, til dømes møteverksemrd. Dette stel av tida som styrar, men også av tida resten av personalet skulle brukt med barna. Hen ser det som eit stort dilemma, og uttrykkjer at det kanskje kan vere meir belastande å vere del av kommunen sitt «maskineri». Med dagens bemanning, ser hen ingen løysingar på dette. Rammeplanen har dei hatt god implementering av, men det krevjast tid til felles refleksjon i personalet for å få ei felles forståing. Gjennom det instrumentelle perspektivet, kor styrar er ansvarleg for at nedskrivne styringsdokument vert følgd (Børhaug et al., 2011), kan dette vera uttrykk for at styrar 2 ikkje kjenner meistring i å få utført arbeidet sitt i tråd med føringane.

Pedagogisk leiar 2 svarar også tydeleg nei på spørsmålet om krava kan stettast fagleg og forsvarleg. Til tross for at hen tenkjer det er uheldig å gje uttrykk for det, seier hen likevel at hen er god til å prioritere vekk. Som døme trekkjer hen fram følgjande:

[...] å språkkartlegge eit barn som har ein helt normal norsk språkutvikling. Det akter ikkje eg å bruke ... min tid på. Då konsentrerer eg meg om, [...] barn, [...] som ikkje har norsk som sitt morsmål i det hele tatt.

Sett i det instrumentelle perspektivet er føringane frå rammeplanen tydelege i høve språk, anten barna har norsk som morsmål eller eit anna språk. Pedagogisk leiar 2 si utsegn kan i dette perspektivet vere eit uttrykk for at ressursane ikkje er tilstrekkeleg til at hen kan oppfylle krava ovanfor alle barna i høve dette. I lys av det institusjonelle perspektivet kan det vere eit uttrykk for at pedagogisk leiar 2 prioriterer utifrå eigne verdiar og haldningar. Pedagogisk leiar skal i lys av det instrumentelle perspektivet arbeide for å gjere reglar personuavhengige

(Børhaug et al., 2011, s. 22), men dette funnet kan forståast som at manglande ressurstilgang fører til at oppgåvene likevel vert personavhengig, i lys av det institusjonelle perspektivet, der eigne verdiar rår (Børhaug et al., 2011).

Pedagogisk leiar 2 seier at dei dette året er i ein heldig situasjon, då barnegruppa ikkje er full, og krava såleis betre let seg gjennomføre. Det er likevel variabelt frå år til år, og hen meiner at tilsette i barnehagen generelt bør stå meir i mot krava. Hen opplever at summen av krav og oppgåver, fører til at viktige ting som omhandlar barna kan verte gløymd. Følgjande sitat kan vere eit uttrykk for at krava i lys av det instrumentelle perspektivet trumfar det ein ser som verdifullt i det institusjonelle:

«Enkelte krav, drukner kanskje det hverdagslige, eller de småtingene» (Pedagogisk leiar 2).

Sett gjennom det instrumentelle perspektivet (Børhaug et al., 2011), ser informantane våre intensjonen med nye innføringar og krav. Sett i det institusjonelle perspektivet, kor barnehagen vert sett som ein verdi i seg sjølv (Børhaug et al., 2011, s 27), kan informantane våre sine utsegner vere uttrykk for at dei ikkje opplever å vere i tråd med det som er til barna sitt beste, dersom dei skal gjennomføre alle krava.

#### 5.4 Leiinga sine oppgåver

Med bakgrunn i problemstillinga vår vart det naturleg å stille spørsmål om kva oppgåver informantane brukar mest tid på. Det som omhandlar barna, eller det som omhandlar det økonomiske/organisatoriske. Styrar 1 er tydeleg på at den organisatoriske delen av arbeidet tar det meste av tida. Pedagogisk leiar 1 kjenner på konflikten hen står i, når det organisatoriske arbeidet gjer at hen må gå ut av avdelinga, og legge større byrder på skuldrene til resten av personalet. Dette kjem mellom anna til uttrykk som følgjande:

«Nei, det er jo litt sånn at eg sitter når vi har møter så hører eg ting som skjer der ute (red.anm. i avdelinga), og så føler du at du må være der ute, sant?».

Styrar 2 opplever at jobben er mangfaldig, og at det økonomiske og organisatoriske arbeidet er omfattande, samt at det ikkje er tid til noko anna i styrarposisjonen. Som døme nemner hen budsjett, økonomirapportering, kvalitetsoppfølging, og møteverksemd. Elles går det mykje tid med barnehageopptak, samarbeid med eksterne instansar, samt krav om kursing som ICDP-rettleiarar. Dette er oppgåver ein kan sjå i det instrumentelle perspektivet, hierarkisk variant, kor leiinga i form av ekstern styring, definerer måla, som leiinga på lavare nivå, i form av styrar og pedagogisk leiar, har ansvar for å nå (Børhaug et al., 2011, s. 22).

Pedagogisk leiar 2 svarar at tida i hovudsak vert brukt på barna, men at det er litt periodevis, avhengig av kva andre gjeremål som står på planen. Som døme vert pedagogisk dokumentasjon nemnd som noko av det ein gjerne skulle gjort meir av.

«Det blir litt sånn skippertakarbeid. Innimellan» (Pedagogisk leiar 2).

Dette kan vere eit uttrykk for at pedagogisk leiar 2 ikkje opplever å kome i hamn med alle føringane, sett i lys av det instrumentelle perspektivet (Børhaug et al., 2011). Vidare vektlegg hen at barna skal ha medbestemming i planlagde aktivitetar, og at dei lyttar til barna sine innspel og interesser. I det instrumentelle perspektivet rettar dei seg såleis etter rammeplanen sine føringar (Kunnskapsdepartementet, 2017). Pedagogisk leiar 2 har ansvar for avtalar med vaktmeister, diverse innkjøp, og innhenting av vikarar på sin base. Dermed prioriterer hen stundom dette, medan barna leikar ved sidan av, noko hen ser som uproblematisk. Med omsyn til vikarbruk har pedagogisk leiar 2 føljande utsegn om sin styrar:

«Ho er ikkje vanskelig på vikarer, for ho er av den oppfatning at det skal vere god bemanning og trygg bemanning».

Pedagogisk leiar 2 ser vikarbruk som både naudsint og riktig bruk av økonomiske ressursar, særskild når det omhandlar forsvarleg bemanning på turar og utflukter. I lys av det institusjonelle perspektivet, kor ein har fokus på institusjonaliserte omgjevnader, kan ein sjå dette som uttrykk for at styrar 2 sin oppfatning av kva som er ei god organisasjonsoppskrift, er tilstrekkeleg med personale. Vidare kan det vera eit uttrykk for at pedagogisk leiar 2 har blitt sosialisert inn i oppfatninga til styrar 2 om at det er viktig med vikarar og forsvarleg bemanning (Børhaug et al., 2011).

## 5.5 Rammeplanen

På spørsmål om kva informantane ser som viktig i rammeplanen, ser styrar 1 progresjon som viktigast, både for barnegruppa og personalet. At aktivitetar vert tilpassa etter kvar barnet er i si utvikling og modning. Pedagogisk leiar 1 ser rammeplanen som viktig i høve tilbodet barna får i barnehagen, samt støtte til å sikre at personalet til ei kvar tid veit kva oppgåvane deira er, kva dei skal tilby barna, hjelpe dei med, samt kva barna skal lære. Alt for at dei skal klare seg vidare i livet, på best mogleg måte. I den hierarkiske varianten av det instrumentelle perspektivet, kan dette vere uttrykk for at pedagogisk leiar 1 ser rammeplanen som retningslinjer som mellom anna definerer kva oppgåver som skal utførast, og kven som skal utføra oppgåvene (Børhaug et al., 2011, s. 22).

Eg tenke jo generelt liksom så er jo det uansett det viktigste for meg er jo barns trivsel [...] det å ha fokus på at barnet har det godt. Altså at dem blir sett. [...] det er ingen planer som er viktigere enn det altså! (Styrar 2)

Styrar 2 er klar på at det viktigaste er at barna skal ha ein god barndom generelt, uavhengig av kva som står nedfelt i lovverk. Som eksempel løftar hen fram at dei har hatt reduserte opningstider, samt stengde avdelingar som følje av mangelfulle ressursar, med bakgrunn i at det er til barnet sitt beste. Vidare nemner hen at barnehagen skal sosialisere barna inn i gruppa, samt danne eit godt og demokratisk menneskje, i samarbeid med foreldre. I lys av det instrumentelle perspektivet speglar dette igjen verdiane i rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017). Dette ser hen som del av barna sitt livsløp, og eit viktig grunnlag når barna skal ut i storsamfunnet Noreg. Dei legg vekt på kunstfaga for å bidra til eit meir kreativt tankesett og kritisk sinn. Sett i det institusjonelle perspektivet kan dette vera eit uttrykk for barnehagen sine verdiar og haldningar om kva dei ser på som viktig. Hen løftar også fram at barna treng tryggleik i seg sjølv i dagens samfunn med digitale media. Styrar 2 seier følgjande om bruken av digitale media i barnehagen:

Og eg tenke jo det [...] barn [...] trenge mest er, er jo egentlig [...] få vekk [...] skjermen [...]. Det er rett og slett sånn at vi kanskje må tilbake til at vi må lære barna å leke altså. [...] da må jo vi kanskje være ... vårt ansvar bevisst [...].

I lys av det institusjonelle perspektivet kan dette vere eit uttrykk for styrar 2 sine haldningar kring digitale media, kor hen ser det som mindre verdifullt enn leik (Børhaug et al., 2011).

Pedagogisk leiar 2 erfarer at kap. 8 i barnehagelova (2005, § 41-43) om det psykososiale barnehagemiljøet har teke stor plass. Fokus har dermed vorte på nye rutinar i den forbindingu, samt at barna skal trivast og ha det godt. Til tross for at dei alltid har hatt det på dagsorden, er krava til dokumentasjon tydelegare no. Dette kan sjåast i det institusjonelle perspektivet ved at pedagogisk leiar 2 opplever at personalet allereie har gode rutinar for relasjonsbygging i barnegruppa (Børhaug et al., 2011). Vidare legg dei stor vekt på eit godt foreldresamarbeid, språk, samt barn sin medverknad, der dei ser prosessen undervegs som eitt av rammeplanen sine viktigaste krav. Sett i eit instrumentelt perspektiv, kor rammeplanen er eit av dei sentrale styringsdokumenta, kan ein slik sei at alle informantane våre nyttar seg av rammeplanen som reiskap, på den måten at den legg føringar for korleis ein skal arbeide for å oppnå målet for organisasjonen. I lys av det institusjonelle perspektiv vil det likevel vere individuelt kva den enkelte ser som viktigast (Børhaug et al., 2011).

## 5.6 Prioriteringar og hindringar

Som oppfølging til førre spørsmål ville me finne ut korleis informantane arbeidde for å realisere krava i rammeplanen, eventuelt kva som låg til hinder. Pedagogisk leiar 1 seier at dei har blitt meir bevisst bruken av rammeplanen, ved å forankre aktivitetar til den, samt aktivt nytte ordlyden frå den i informasjon til foreldra. På denne måten blir både tilsette og foreldre meir kjend med rammeplanen. Sett i det instrumentelle perspektivet kan dette vere eit uttrykk for at barnehagen tek retningslinene frå ekstern styring på alvor, samt tilstrebar å innlemme foreldra i den same forståinga (Børhaug et al., 2011). Vidare seier hen at dei tilsette erfarer å ikkje strekkje til når det kjem til å realisere det dei ønsker for barna, samt ytre krav. Hen meiner auka bemanning kan hjelpe for å nå måla om gode opplevingar og pedagogisk kvalitet. Sett i det institusjonelle perspektivet kan dette sjåast som at dei tilsette opplever å ikkje nå dei pedagogiske måla dei sjølv har satt seg (Børhaug et al., 2011). På spørsmål om pedagogisk leiar 1 opplever at dei får realisert krava i praksis, er svaret:

«Ja, så godt som vi klarer i hvertfall»

Styrar 1 kom ikkje med noko konkret svar her.

Pedagogisk leiar 2 vedgår at det er område i rammeplanen kor dei har forbettingspotensiale, då tida ikkje strekk til. Samstundes ser hen barna sin trivsel som viktigast. At barnehagen skal bidra til at barna får ein trygg og god barndom, og sit igjen med gode minner og opplevingar, samt at foreldra er fornøgd. I lys av det instrumentelle perspektivet, er denne oppfatninga i tråd med rammeplanen (Børhaug et al., 2011).

Når det kjem til hindringar erfarer pedagogisk leiar 2 at det til dels handlar om prioritering, samt å ta seg tid til evaluering. Ofte viser det seg at ein har vore innom fleire fagområde enn ein trur. Eit anna moment pedagogisk leiar 2 løftar fram som ein utfordring i høve endring, er at barnehagesektoren har vore, og framleis er, kvinnedominert. Barnehagen ber til dels preg av flink pike-kultur, og det å ikkje stå på krava, meiner hen. Dette kan i lys av det institusjonelle perspektivet vere uttrykk for kulturen pedagogisk leiar 2 meiner rådar i barnehagar flest (Børhaug et al., 2011). Elles vil det vere periodevis kva som kan vere til hinder, til dømes sjukefråvær og koronapandemien. Ytre rammer i høve bemanning er fellesnemnaren. Hen utdjupar korona og viser til at kohortane ikkje gjekk opp på grunnbemanning, og at samlege barnehagar måtte bemanne opp for å få det til å gå rundt. I tillegg var både barn, foreldre, samt personale meir tilfreds. Hen undrar seg over at det ikkje

var ein vekker som fekk positive føljer i etterkant, og viser til kostnaden barnehagar har i høve vikarbruk, kontra kostnaden med å auka grunnbemannninga<sup>2</sup>.

Sant, at det kanskje er et reknestykke de burde, tenkt litt meir på ...? [...] gode barnehager, reduserer fremtidige ... problemer. Det som koster nå, [...] si at det koster noen hundretusener [...]. med en voksen til, for å hindre et problem som koster i millionklassen, i ungdomstid, eller voksentid. (Pedagogisk leiar 2)

Rammene for bemanning kan sjåast i det instrumentelle perspektivet som føringar frå ekstern styring. I det institusjonelle perspektivet kan dette vere uttrykk for at pedagogisk leiar 2 opplever at rammene i det instrumentelle ikkje er tilstrekkeleg (Børhaug et al., 2011).

Pedagogisk leiar 2 opplever at dei som set rammene for til dømes bemanning i barnehagen, ikkje har innblikk i korleis det daglege livet i barnehagen er i praksis, og seier følgjande:

Det er nesten sånn at, en skulle håpt på at de skulle vært tvunget til å være vikarer i barnehagen, på en sånn skikkelig tung dag, [...] men eg tviler på om de hadde forstått noe då heller. Er du på punktet til å bli utbrent nå? Nei, då er det en uke til.

## 5.7 Moglegheiter i framtida

Me ville finne ut kva informantane våre såg som moglegheiter for barnehagen i framtida, når det kom til å få realisert eksterne krav, samt stå i samsvar med barnet sitt beste. Styrar 1 meiner det er sentralt med tilstrekkeleg og kapabel bemanning for å oppretthalde god kvalitet. I lys av det instrumentelle perspektivet kan dette vera eit uttrykk for kva styrar 1 ser på som dei viktigaste føringane frå ekstern styring (Børhaug et al., 2011). Hen dreg også fram å vera tett på barna, støtte dei, samt sjå og lytte til deira behov. Styrar 1 ser denne barnehagen som så god at det ikkje er behov for protokollar og skjema for å sikre at ein gjer det ein skal. Sett i eit institusjonelt perspektiv kan dette vera eit uttrykk for at det å vera tett på, og sjå barna er ein del av organisasjonskulturen og dei uskrevne reglane i denne barnehagen, og difor noko som ikkje treng å formaliserast (Børhaug et al., 2011).

Pedagogisk leiar 1 meiner det er rett at ein skal ha lovar og reglar, men at alt papirarbeid og dokumentasjon som følgjer med, kan bli i meste laget. For å kunne realisere krava, ser hen helst at dokumentasjon og oppgåver som fører til auka administrativt arbeid, vert organisert på ein enklare måte. Hen har ikkje løysinga på dette, men er oppteken av at dei tilsette i

---

<sup>2</sup> (PBL, 2022)

barnehagen må ha fokus på barna, samt at bemanninga må aukast. I lys av det instrumentelle perspektivet kan dette vera eit uttrykk for at pedagogisk leiar 1 ser dei formelle reglane som viktige, men at ressursane ikkje står i høve til krava (Børhaug et al., 2011).

Styrar 2 seier først og fremst at bemanninga må vere på plass, samt eit bevisst og utdanna personale. Barnehagen har eit samfunnsoppdrag, og styrar 2 ser det å få ei felles forståing i personalet, som si viktigaste oppgåve for å realisere måla for barnehagen. I lys av det instrumentelle perspektiv kan ein sjå dette som at styrar 2 har forståing for rolla si, samt at reglane i barnehagen må gjerast personuavhengig for at måla kan nåast (Børhaug et al., 2011).

Koronaåra vert omtala som gode år i høve tilstrekkeleg bemanning, samt noko politikarane burde teke til etterretning. Nye krav som vert pålagd barnehagane opplever styrar 2 som utfordrande, då det fører til at dei stadig ligg bakpå. Å kunne vere proaktiv er ynskjeleg, men uoppnåeleg med dagens ressursar. Det at tal timar plantid ikkje har auka proporsjonalt med oppgåvene, ser styrar 2 som latterleg. Barnehagen har prøvd ut fleire variantar når det kjem til organisering av plantida, men styrar uttrykkjer at reknestykke aldri går opp, og at hen ikkje ser løysingar på dette med dagens bemanning. I det instrumentelle perspektivet, hierarkisk variant, kan dette vere eit uttrykk for at styrar 2 strevar med å organisere og regulere arbeidsdelinga på ein måte som fører til måloppnåing for organisasjonen (Børhaug et al., 2011). I lys av det institusjonelle kan ein samstundes sjå det som at styrar 2 opplever å ikkje vere i tråd med verdigrunnlaget til barnehagen (Børhaug et al., 2011). Utdanningsministeren sin varsle pedagogauke på 60 % er prinsipielt bra, men må sjåast i høve til resten av bemanninga.

«Det er på tide med [...] en økt bemanningsnorm i barnehagene» (Pedagogisk leiar 2).

I lys av dei tekniske omgjevnader i det instrumentelle perspektivet, kor den eksterne styringa i høve bemanning har bakgrunn i barnehagelova (Børhaug et al., 2011), kan pedagogisk leiar 2 si oppfatning sjåast som at hen meiner rammene frå den eksterne styringa bør endrast (Børhaug et al., 2011). Pedagogisk leiar 2 uttrykkjer at det viktigaste er auka bemanning, og at det er på høg tid med ein ny bemanningsnorm. Uavhengig av om det er pedagogar eller ei. Hen ser det som at vinninga går opp i spinninga om det kjem fleire pedagogar som skal ha planleggingstid, delta på møter etc.

Det som eg aldri har skjønt med bemanning i barnehagen, er hvorfor de skal ha mindre voksne bare fordi de passerte tre år. [...] nå «lille Ole», nå er du blitt over tre år, nå er det en voksen per seks barn på din avdeling, du er vant til en per tre, der du kom fra. Men du

har passert tre år nå, så bare, kom igjen, det går fint. Eg skjønner det ikkje. For, altså, om det er noe de trenger, så er det jo faktisk, de trenge fortsatt oss voksne nå, de trenge oss meir, for de prater meir. De lurer på meir. De vil vite meir, de får meir utfordringer, de komme i konflikter, det er, alt er meir, når de blir større. [...] eg tror at, hvis vi skal ha, og opprettholde den gode kvaliteten, så er de nødt til å øke bemanningen [...]. (Pedagogisk leiar 2)

Pedagogisk leiar 2 meiner det i høve vikarbruk ikkje finns krav til ferdigheiter i det heile, ein kan nærmast gå ut på ein benk i parken å høyre om nokon har eit ledig augneblink. Og haldninga til kva som er naudsynt for å vareta barna sitt beste vert oversett. Hen ser barnehage som eit velferdstilbod, på lik line med skulane, med mål om å mellom anna hindre framtidige utfordringar. Difor burde det ikkje vore private aktørar, eller handle om profitt, men hen opplever at tal og budsjett er rådande og viktigast, og seier følgjande:

«Koffor i pokker skal de gå i pluss? Altså, eg tenker, gå i minus og ver stolt av det. Fordi at ... vi har opprettholdt god bemanning, vi har fått gjennomført planer».

Pedagogisk leiar 2 sin oppfatning kan gjennom det institusjonelle perspektivet vere uttrykk for at hen ser barnehagen som ein viktig verdi i seg sjølv (Børhaug et al., 2011, s. 26).

## 5.8 Oppsummering

I dette kapittelet har me presentert funna våre ved bruk av det teoretiske rammeverket vårt, det instrumentelle og det institusjonelle organisasjonsperspektivet. Informantane var samstemde i at barnet sitt beste inneber at dei skal ha det trygt ut frå eigne behov, samt ein god barndom og oppvekst. I høve drifta av barnehagen syner funna nokre ulikskapar. Tre av informantane opplever at dei administrative oppgåvene går på kostnad av tida med barna, og at det fører til dilemma. Pedagogisk leiar i den kommunale barnehagen opplever at barnehagen si organisering tilfredsstiljer barnet sitt beste. Når det kom til samsvar mellom krav og ressursar, er det semje blant informantane om at krava er for krevjande i høve ressursane, samt at dette set dei i dilemma og kan få uheldige konsekvensar for barna. Spørsmålet som omhandla leiinga sine oppgåver, syner at begge styrarane brukar mest tid på det administrative. Pedagogisk leiar i den private barnehagen kjenner på konflikten når han må prioritere administrativt arbeid framfor barna. Pedagogisk leiar i den kommunale barnehagen opplever å bruke mest tid på barna, til tross for administrative oppgåver. I høve rammeplanen og prioriteringar, samt hindringar med implementering, hadde informantane våre ulike

tolkingar. I den kommunale barnehagen ser styrar progresjon som viktigast, medan pedagogisk leiar ser rammeplanen som eit verktøy i høve mål og oppgåver. I den private barnehagen ser både styrar og pedagogisk leiar barna og barndommen generelt som viktigast, samt at barnehagen skal bidra i sosialiseringssprosessen. Pedagogisk leiar framhevar også foreldresamarbeid, språk, barns medverknad, samt psykososialt miljø. Hindringar omhandlar i fellestrekks ressursmangel i form av bemanning. Til slutt tok me føre oss moglegheiter for barnehagen i framtida, kor samlege av informantane løftar fram at bemanninga må aukast.

## 6.0 Drøfting

I dette kapittelet skal me svare på problemstillinga vår, ved å drøfte funna i lys av tidlegare forsking. Nokre funn vert veklagt i større grad enn andre, avhengig av relevans for formålet. Me løftar fram likskapar og ulikskapar mellom styrarar og pedagogiske leiarar, samt mellom barnehagane, utan at ulik eigarform vert veklagd i særleg grad. Først tek me for oss endringar på barnehagefeltet, tankar kring rammeplanen, samt kva informantane legg i barnet sitt beste, i lys av kva lovverk seier om dette. Vidare kjem me inn på korleis informantane opplever dei eksterne krava i høve drifta av barnehagen, samt ulike dilemma dei møter i det daglege livet. Deretter ser me på ressursmangelen informantane opplever, i høve bemanning. Til slutt samanfattar me svara til informantane i høve framtidige endringar og moglegheiter.

Problemstillinga vår er:

«Kva implikasjonar får ekstern styring for leiing og det daglege arbeidet i barnehagen?»

### 6.1 Endringar på barnehagefeltet, rammeplanen, og barnet sitt beste

I 1996 kom den første rammeplanen som gav retningslinjer for barnehagens innhald og oppgåver. Deretter kom det ny i 2006, som førte til at barnehagane vart underlagt Kunnskapsdepartementet, for å skape samanheng og heilskap i oppvekst- og utdanningspolitikken (Aarre & Blom, 2012, s. 40). Seinare har det kome reviderte utgåver av rammeplanen i 2012 og 2017. Dette kan vere delar av bakgrunnen for styrar 1 sin oppfatning, om at det har vore endringar på barnehagefeltet, og at måten ein utfører arbeidet endrar seg i takt med samfunnet. I dette perspektivet kan ein anta at endringane har medført ei større mengd administrative oppgåver for både styrarar og pedagogiske leiarar, noko funna våre bekreftar. Det er også i samsvar med Aarre & Blom (2012), som seier at forskrifter inneber tydelegare føringer, i høve korleis barnehagane tidlegare var organisert, då det var friare, samt i hovudsak ein plass barna skulle vere for at foreldra skulle kunne gå i arbeid. Dette kan vere del av forklaringa på kvifor styrarane i dag opplever at det går mykje tid med rapportering og dokumentasjon. Noko som samsvarar med Børhaug & Lotsberg sine funn i høve kva styrarar bruker tida si på (2016, s. 70). Revideringane av rammeplanen har ført med seg endringar innan både det pedagogiske og organisatoriske arbeidet, retta mot ekstern leiing og eigarar. Dette samsvarar med funna til Eide & Danielsen (2021), der fleire beskriv endringane i

rammeplanen som meir konkretiserte og forpliktande, og at personalet sine oppgåver er gått frå «bør» til «skal». Styrar 1 er klar på at hen meiner kommunen og dei ulike fagetataane bombarderer barnehagane med mengder med brukarundersøkingar og spørjeskjema. Desse omtalar hen som tidstjuvar i høve tida ein helst skulle brukt på avdeling.

«De som bestemmer veit ikkje om hybelkaninene i hjørnet» (Styrar 1).

Pedagogisk leiar 1 er samd i dette, og meiner dei administrative oppgåvene pedagogane blir pålagde, går ut over tida ein skal bruke på meiningsfulle og gode aktivitetar saman med barna. Til dømes å sikre at barnehagen sitt innhald rettar seg etter nasjonale krav og retningsliner. Informantane i den private barnehagen ser dette som unødvendig bruk av tid og ressursar, noko som samsvarar med det Børhaug & Bøe (2022, s. 130) fann om at styrarar i private barnehagar i mindre grad aksepterer det dei sjølv meiner er uheldige føringar frå kommunen.

Likevel kan ein sei at det kan få positive føljer for barna at barnehagen har eit meir fagleg innhald, samt føringar for korleis barnehagetilsette skal utføre arbeidet, slik det framkjem i rammeplanen. På den måten kan ein betre unngå at utskifting av personalet fører til store ulikskapar i høve det faglege innhaldet, då reglane vert gjort personuavhengige (Børhaug et al., 2011). Ein kan også sei at ein oppnår høgare kompetanse i personalgruppa, då krava er annleis i dag i form av både pedagognorm<sup>3</sup>, føringar for kompetanseheving, samt endrings- og utviklingsarbeid (Kunnskapsdepartementet, 2017). Slik kan ein sei at heile organisasjonen kan få ei betre forståing for kva barnet sitt beste inneber. Ergo er det sannsynleg at barnehagane er meir i tråd med barnet sitt beste i dag, kontra før innføring av rammeplan etc., då styrar 1 tok til på sin yrkesveg.

I rammeplan for barnehagen står det at barnet sitt beste skal vera eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar og avgjerder som angår barnet, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1. Dette gjeld for all barnehageverksemd, og er eit overordna prinsipp (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8). Som ein kan sjå framkjem det ingen klar definisjon på omgrepet barnet sitt beste i rammeplanen. Dette mogleggjer eigne tolkingar av kva omgrepet tyder, og stemmer godt overeins med det me fann då me intervjuva informantane våre. Funna syner at det går eit skilje mellom styrarar og pedagogiske leiarar, i måten dei tolkar og oppfattar kva som er barnet sitt beste, samt kva det inneber. Samanlikningsgrunnlaget vårt i høve dette, kjem fram på ulike spørsmål, då styrar 1 legg det inn under omgrepet barnet sitt

---

<sup>3</sup> (Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager, 2017, § 1)

beste, medan styrar 2 legg det inn under viktige krav i rammeplanen. Styrarane har fokus på barnet i framtida, at dei skal sosialiserast inn i samfunnet.

«[...] vår jobb i barnehage er på en måte å sosialisere barnet inn i det samfunnet vi til enhver tid lever i» (Styrar 1).

Dette samsvarar med Larsen & Slåtten (2019, s. 27), som hevdar at sosialiseringsprosessane skal tilfredsstilje både enkeltindividia og samfunnet sine behov. Synet er også i tråd med rammeplanen som seier at barnehagen skal bidra til å leggje grunnlag for eit godt liv, samt vere med å førebu barna til aktiv deltaking i samfunnet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Dei pedagogiske leiarane har fokus på her og no-perspektivet, barna sin væren i verda og den spontane leiken, slik også Thoresen (2015, s. 167) seier. Då begge oppfatningar kan forankrast fagleg, kan ein såleis ikkje sei at det eine er meir rett enn det andre. Det er felles semje blant våre informantar om at barna sitt beste inneber at barna skal ha det trygt og godt, ein god barndom og trygge vaksne. Ein kan såleis sei at alle svara er i tråd med rammeplanen sine føringar, som seier at barndommen har eigenverdi, og at barnehagen skal møte individet sitt behov for tryggleik og omsorg (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7).

Barns medverknad, som har ein særleg plass i barnehagepedagogikken (Aasen, 2021, s. 62), er noko av det pedagogisk leiar 2 løftar fram som rammeplanen sine viktigaste krav. Dei ser prosessen undervegs som sentralt. Som barnehagelærar har ein mellom anna tileigna seg kompetanse når det kjem til å fange opp barn sine uttrykk. Funna våre syner ein tendens til at dei som sit på kompetansen om barn si utvikling og deira behov til stadigheit må forlate barna. Kva er då målet med barnehagelærarprofesjonen?

## 6.2 Dilemma

Ødegård & Røys (2013, s. 47) er tydelege på at ein kan sjå ei endring frå at ansvaret for det administrative arbeidet som i hovudsak låg hos styrar tidlegare, i større grad no vert flytta over på dei pedagogiske leiarane. Dette samsvarar med funna våre, kor dei pedagogiske leiarane seier det i periodar går mykje tid med organisatoriske oppgåver, som dokumentasjon og skjemautfylling, når ein heller burde vore med barna.

«Nei, det er jo litt sånn at eg sitter når vi har møter så hører eg ting som skjer der ute (red.anm. i avdelinga), og så føler du at du må være der ute, sant?» (Pedagogisk leiar 1).

Når målet er at barnehagen skal gje barna ein trygg og god oppvekst (Børhaug et al., 2011, s. 23), kan ein undre seg kvifor informantane opplever at dei ikkje mottek nok ressursar for å vareta dette. Dei kunne gjerne opplevd å realisert målet om å gje barna ein trygg og god oppvekst, med dagens bemanning, dersom dei hadde vore friteke nokre av dei administrative oppgåvene. Særleg dei pedagogiske leiarane opplever stadig at dei står i konflikt med seg sjølv, når tida dei helst skulle brukt på avdeling saman med barna, må nyttast på kontoret for å kome i mål med det administrative arbeidet. Likevel kan ein frå ein barnehagefagleg ståstad sei at både møteverksemد samt organisatorisk arbeid er viktig, for å heile tida vere i endring og utvikling. Dette framkjem også i rammeplanen som seier at alle som arbeidar i barnehagen, saman skal bidra til å oppfylle mål og krav, samt at barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal vere i utvikling (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 15). I dette perspektivet kan ein sei at styrar 2 har god forståing for si rolle, og arbeidet i barnehagen, om at endringsarbeid tek tid, samt at det er viktig med felles forståing i personalet for å oppfylle samfunnsoppdraget. Dette samsvarar med det Kvistad & Søbstad (2005, s. 153) seier, om at det er grunnleggjande å utvikle felles forståing i persblomonalgruppa, særskilt i utviklingsarbeid.

«Altså barn er forskjellige. Det som er barnets beste for Per, er ikkje barnets beste for Ola. Og den differensieringen er vi nødt til å ta godt vare på» (Styrar 1).

Funna våre viser at ressursmangelen i barnehagen er stor, og det er mange, både tilsette og vikarar, utan barnehagefagleg kompetanse. Ein pedagog kan ha betre føresetnader for å skilje kva behov som ligg til grunn for eit barn sitt uttrykk, framfor kva ein framand vikar har. I tillegg er strukturen i barnehagen slik at pedagogar må ut av avdeling for å gjennomføre plantid, delta på møter, foreldresamtalar etc, slik fleire av informantane gjev uttrykk for. Det er då interessant at pedagogisk leiar 2 seier hen heller vil ha fleire hender enn fleire pedagogar inn i barnehagen. For korleis skal ein då sikre at kvart einskilde barn sine individuelle behov vert vareteke? Er det verkeleg tilstrekkeleg med fleire hender utan kompetanse? Eller er dette eit uttrykk for at dei opplever ressursmangelen såpass krevjande at dei ser det som viktigare med nok tilsette framfor kompetanse? Samstundes kan det tenkjast at pedagogisk leiar 2 ser det som tilstrekkeleg at hen med sin kompetanse, vil kunne klare å påverke nye tilsette. På den måten kunne det likevel vore betre med tilstrekkeleg med bemanning, uavhengig av kompetanse. Som pedagogisk leiar er også rettleiing ein del av oppgåvene dei er pålagt, jf. Rammeplanen. I dette perspektivet kan ein sei at pedagogisk leiar 2 sitt ynskje til dels kan forankrast fagleg.

Pedagogisk leiar 2 løftar fram at barnehagesektoren har vore, og framleis er, kvinnedominert. Dette ser hen som ei utfordring i høve endring, då kvinnedominansen i følgje hen, gjerne fører til at tilsette i barnehagane ikkje ytrar realitetane og står på krava sine. Til tross for at dette ikkje kan belysast med eintydige svar som riktig, ville det likevel vore interessant om det ville vore annleis dersom barnehagen var mannsdominert. Børhaug & Lotsberg (2016, s. 54) løftar fram at kvinner og menn vil ha ulike verdiar og prioriteringar med seg. For å oppnå endring er det av betyding at tilsette i barnehagen opptrer som talsperson på politisk nivå (Børhaug & Lotsberg, 2016).

Funna syner ein tendens til at informantane opplever at ein ikkje får utøvd profesjonsrolla i tråd med korkje eigen kompetanse, fagleg skjønn, autonomi eller samfunnsmandatet. Dette med bakgrunn i stadig nye ytre krav. Dette samsvarar med det Aasen (2021, s. 38-40) seier, om at metodefridomen, autonomien, kan vere i eit krysspress, når politiske prosessar fører til endringar på barnehagefeltet. Informantane trekker fram at dei stadig står i dilemma i rolla som barnehagelærar. Hennum & Østrem (2016, s. 125) hevdar at som barnehagelærar er det primært barna sine omsyn som skal vege tyngst, det er der lojaliteten ligg. I dette perspektivet kan ein forstå dilemmaet informantane viser til, når dei stadig opplever at administrative oppgåver tek tida vekk frå barna. Informantane opplever disharmoni mellom ressurstilgang og mål. Begge delar er del av ekstern styring, men utanfor leiinga i barnehagen sitt mandat. Likevel er det leiinga i barnehagen som sit med kompetansen om både barna og det faglege innhaldet i rammeplanen.

«[...] og da komme vi plutselig i det dilemmaet igjen, altså kor er på ein måte bemanninga?» (Styrar 2).

Dilemmaet styrar 2 viser til omhandlar krava dei får frå leiinga, kontra krava om å vareta barna sitt beste, og samsvarer med det Hennum & Østrem (2016, s. 122-125) hevdar, at ein som profesjonsutøvar er i eit spenningsfelt. Med fleire forpliktingar, samt krav om lojalitet i ulike retningar, krevjast det at ein stundom må inngå kompromiss. Dersom styrar opplever at kompromissa ikkje er legitimate, samt usemjande i høve sitt profesjonelle mandat, og fortolkar dette i ein retning som ikkje tener føremålet, kan det opplevast som ein skvis. Denne skvisen opplevast for mange som eit verdispørsmål i høve kva omsyn som er viktigast, lojaliteten til barna eller lojaliteten til kommunen. I følgje Børhaug & Lotsberg (2016, s. 100-101) vil det i alle organisasjonar vera deltakrar med ulike interesser og verdiar. Til dømes barnehagepersonalet sitt ynskje om det pedagogiske, og ekstern styring sine føringer i høve bemanning.

Som barnehagelærar handlar dømmekraft mellom anna om å prioritere, samt skilje mellom det som er viktig og mindre viktig, med utgangspunkt i kva som er det beste for barna (Hennum & Østrem, 2016, s. 63). Dette kan ein også sei er ein nødvendigheit med omsyn til dei organisatoriske krava til pedagogane som har auka betrakteleg dei seinare åra, medan plantida<sup>4</sup> ikkje har vorte endra sidan den vart innført. Den har vore lik i tal timer i over 50 år, til tross for at oppgåvene til pedagogisk leiar aukar (Børhaug & Bøe, 2022, s. 132).

«Det er jo heilt latterlig» (Styrar 2).

Pedagogisk leiar 2 gjev uttrykk for at hen vel å prioritere vekk enkelte oppgåver som er viktige, då hen ser andre oppgåver som desto viktigare.

[...] å språkkartlegge eit barn som har ein helt normal norsk språkutvikling. Det akter ikkje eg å bruke ... min tid på. Då konsentrerer eg meg om, [...] barn, [...] som ikkje har norsk som sitt morsmål i det hele tatt. (Pedagogisk leiar 2)

Styrar 1 trekkjer fram at innføringa av mobbelova, gjorde at ein til dels mista moglegheita til å gjere den jobben ein har gjort tidlegare. Hen opplever at dei har mista autonomien, og tilliten til at jobben dei gjer er bra nok. Behovet for tillit og metodefridom samsvarer med det Abbott (sitert i Aasen, 2021, s. 93) peikar på, om at profesjonar sitt behov for handlingsrom og komplekse avvegingar er grunnen til at dei treng tillit og autonomi. Med kompetansen barnehagepersonalet har om barn si utvikling og kvart enkelt barn i gruppa, ser styrar 1 det å vera tett på for å unngå eventuelle uheldige samspelssituasjonar, som heilt essensielt. Dei nye protokollane og retningslinjene for kva som må gjennomførast ved oppmelding av ei mobbesak, er tidkrevjande og går på kostnad av personalet si tid saman med barna.

### 6.3 Bemanning

I barnehagen som organisasjon vil det alltid vere nokon verdiar som vert løfta fram, og andre som vert utelukka, noko vert organisert inn, noko anna må organiserast ut (Børhaug et al., 2011, s. 20). Organisering kan også handle om kva som sikrar at ein når måla, med lavast mogleg ressursbruk (Børhaug et al., 2011, s. 21). Informantane våre uttrykkjer eksplisitt at det er utfordrande å nå måla i rammeplanen, samt ta omsyn til enkeltindivid og barnegruppa, med dagens bemanning.

---

<sup>4</sup> (PBL, 2022)

Uavhengig av kva barnehage dei høyrer til, løftar samlege av informantane våre fram ressursmangelen i form av lav bemanning som både ein utfordring, samt eit dilemma. I eit framtidsretta perspektiv, vil det vera lite hensiktsmessig at det føreligg dokumentasjon på alt ein har gjennomført, dersom barna i realiteten der framme har mista viktig omsorg og lærdom på vegen. Kva følgjer får det, reint økonomisk, og for samfunnet generelt?

I barnehagelova (2005, § 26) står det om grunnbemanning at

Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.

Barnehagen skal minst ha én ansatt per tre barn når barna er under tre år og én ansatt per seks barn når barna er over tre år. Barn skal regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.

Som ein kan lese ut i frå denne lovteksten er det eit minstekrav som ligg til grunn når det kjem til bemanning. Barnehagane til våre informantar tilfredstiljer såleis bemanningsnorma, men opplever likevel ikkje at bemanninga er tilstrekkeleg. Dette grunngjev dei med at krava til dokumentasjon, samt oppgåvene som skal gjennomførast er mange og tidkrevjande. Dette samsvarer med det Børhaug & Lotsberg (2016, s. 29) seier om at innhaldet i barnehagesektoren si administrative leiarfunksjon, er blitt sterkt påverka av aukande dokumentasjons- og rapporteringsoppgåver. Ekstern styring skal fungera som verkemiddel for å nå måla for organisasjonen. Er det ikkje då eit paradoks at informantane opplever at bemanningsnorma ikkje er tilstrekkeleg?

Men [...] det som eg aldri har skjønt med bemanning i barnehagen, er hvorfor de skal ha mindre voksne bare fordi de passerte tre år. Sant, [...] nå «lille Ole», nå er du blitt over tre år, nå er det en voksen per seks barn på din avdeling, du er vant til en per tre, der du kom fra. [...] de trenge fortsatt oss voksne ... de trenge oss meir, for de prater meir, de lurer på meir, de vil vite meir, de får meir utfordringer, de komme i konflikter, [...] alt er meir, når de blir større. (Pedagogisk leiar 2)

Den private barnehagen opplever også ressursmangelen som eit hinder, for å vareta barna sine behov i tråd med til dømes rammeplan. Bemanningsnorma tek ikkje omsyn til at avdelingar kan vere aldersblanda, noko som i følge pedagogisk leiar 1 fører til at dei ikkje klarar å tilfredsstilje barna sine individuelle behov og rettigheter.

Og så har vi fjellet her, som vi går over. Men vi kan jo ikkje kjøre vognen over der. Så har du de store som skulle hatt den utfordringen [...] men det kan du ikkje, fordi at alle må kjøre en vogn. [...] hadde du da hatt flere voksne så kunne du faktisk gjort det.  
(Pedagogisk leiar 1)

Basert på våre funn, kan det vera nærliggjande å tenkje at tilstrekkeleg bemanning, i kombinasjon med pedagogar som er til stades med barna, gjer gode føresetnader for å tilfredsstille både ytre krav, samt den daglege drifta, i tråd med barnet sitt beste.

«Det er på tide med [...] en økt bemanningsnorm i barnehagene» (Pedagogisk leiar 2).

#### 6.4 Oppsummering

I dette kapittelet har me drøfta funna våre i lys av tidlegare forsking. Generelt syner funna at ulikskapane er større mellom rollene, enn mellom eigarforhold. Med innføring av styringsdokument har det skjedd fleire endringar på barnehagefeltet. Barnehagane har tydelegare retningsliner i høve leiing, samt auka fokus på det faglege innhaldet. I tråd med dette har dei administrative oppgåvene blitt fleire, og krava til det pedagogiske personellet er vorte større. Samlege av våre informantar framstår som kompetente leiarar, med god forståing for kva barnet sitt beste inneber. Med dagens bemanningsnorm viser funna våre tendensar til at pedagogane strevar med å nå måla som omhandlar barna, då administrative oppgåver tek for mykje tid. Dette fører til at dei stadig står i eit dilemma. Dersom dei hadde vore fritekne frå delar av det administrative, kunne bemanningsnorma slik den er i dag gjerne vore tilstrekkeleg. Individuelle behov som skal varetakast, må stundom vike til fordel for administrative oppgåver. Dersom informantane sitt ynskje om auka bemanning vert ein realitet i framtida, kan det basert på våre funn tene både barna og samfunnet.

## 7.0 Avslutning

Arbeidet med denne bacheloroppgåva har vore ein tidkrevjande og lærerik prosess, som har gjeve oss ny forståing og kunnskap. Basert på eigen erfaring frå arbeid i barnehagen, ville me undersøkje korleis styrarar og pedagogiske leiarar opplever ytre krav i møte med det daglege arbeidet i barnehagen. På bakgrunn av dette vart problemstillinga vår:

«Kva implikasjonar får ekstern styring for leiing og det daglege arbeidet i barnehagen?»

Me nytta kvalitativ metode, i form av semi-strukturerte intervju for å søke svar på problemstillinga. Informantane våre bestod av ein styrar og ein pedagogisk leiar frå ein kommunal, samt ein privat barnehage. Datamaterialet vart sett på gjennom det instrumentelle og det institusjonelle organisasjonsperspektivet. Funna vart deretter drøfta ved hjelp av tidlegare forsking. Då tal informantar er lågt, kan me ikkje konkludere i høve resultata våre. Likevel syner funna våre at ekstern styring kan få ulike implikasjonar for det daglege livet i barnehagen. På den eine sida får barnehagane mellom anna høgare kompetanse, med tydelegare ansvarsfordeling av oppgåvene. Rammeplanen stiller også krav til det faglege innhaldet, samt til at ein skal arbeide i tråd med barnet sitt beste, med moglegheit for eigne tolkingar av omgrepene. På den andre sida fører ekstern styring til at dei med høgast kompetanse om barn og barn si utvikling, ofte må prioritere det administrative framfor barna.

## Litteraturliste

Aarre, T. & Blom, K. (2012). *Samfunnet i barnehagen og barnehagen i samfunnet*. Fagbokforlaget.

Aasen, W. (2021). *Lederskjønn i barnehagen: En kunnskapsbasert praksis*. Fagbokforlaget.

Barnehagelova. (2005). *Lov om barnehager* (LOV-1995-05-05-19). Lovdata.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Bergsland, D., M. & Jæger, H. (2022). Bacheloroppgaven. I Bergsland, M. D. & Jæger, H. (red.) *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen* (s.15-51) (2.utg.). Cappelen Damm Akademisk.

Børhaug, K & Bøe, M. (2022). *Barnehagelærerprofesjonen*. Universitetsforlaget.

Børhaug, K., Helgøy, I., Homme, A., Lotsberg, D. Ø., Ludvigsen, K. (2011). *Styring, organisering og leiing i barnehagen*. Fagbokforlaget.

Børhaug, K. & Lotsberg, D. Ø. (2016). *Barnehageleiing i praksis*. Samlaget

Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving*. (7.utg.). Gyldendal.

Eide, H. M. K. & Danielsen, H. (2021). En rammeplan i bevegelse. *Barnehagefolk*, 38/4, 34-37. [https://www.barnehageforum.no/barnehagefolk/bf2021\\_4\\_artikkel1.asp](https://www.barnehageforum.no/barnehagefolk/bf2021_4_artikkel1.asp)

Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager (2017) *Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager* (FOR-2017-06-22-1049) Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-22-1049>

Hennum, B. A. & Østrem, S. (2016). *Barnehagelæreren som profesjonsutøver*. Cappelen Damm Akademisk.

Johannesen, A., Tufte, P. A. & Christoffersen, L. (2021). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. (6.utg.) Abstrakt forlag.

ICDP Norge (u.å.). *International Child Development Programme*. ICDP Norge.

<https://www.icdp.no/>

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Henta frå: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

Kunnskapsdepartementet (2023,18.01.). *Regjeringen vil ha mange flere barnehagelærere i barnehagen.* Regjeringen. <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regjeringen-vil-ha-mange-flere-barnehagelærere-i-barnehagen/id2959637/>

Kvistad, K. & Søbstad, F. (2005). *Kvalitetsarbeid i barnehagen.* Cappelen Damm Akademisk.

Larsen, A. K. & Slåtten, M. V. (2019). *En bok om oppvekst* (5.utg.). Fagbokforlaget.

Private barnehagers landsforbund (2022, 13. mai). *Barnehagelæraren sine fire timer plantid har 50-års jubileum, det lyt vel feirast!?*. Barnehage.no.

<https://www.barnehage.no/plantid-utdanningsforbundet/barnehagelæraren-sine-fire-timer-plantid-har-50-ars-jubileum-det-lyt-vel-feirast/232819>

Private barnehagers landsforbund (2022, 11. oktober). *Styrket bemanning i barnehagene: – Nå vil vi se på hva flere hender faktisk vil føre til.* Barnehage.no.

<https://www.barnehage.no/barnehageloven-bemanning-tilskudd/styrket-bemanning-i-barnehagene-na-vil-vi-se-pa-hva-flere-hender-faktisk-vil-fore-til/236758>

Thoresen, I. T. (2015). *Barnehagelæreren: Profesjon, politikk og forskning.* Cappelen Damm Akademisk.

Ødegård, E. & Røys, H. (2013). *Å dra lasset saman: Samhandling som strategi for pedagogisk ledelse i barnehager.* Cappelen Damm Akademisk.

## Vedlegg 1

### Intervjuguide:

1. Korleis forstår du omgrepene barnet sitt beste?
2. Opplever de at det vert lagt til rette for at drifta av barnehagen er for barna sitt beste? Eller opplever de at det er noko som begrensar dykk, og i tilfelle kva?
3. Opplever de at alle krava som pedagogar og styrarar vert stilt ovanfor, kan stettast på ein fagleg og forsvarleg måte, med dei ressursane som ein har til rådighet?
4. Som styrar/pedagog, kva oppgåver brukar du mest tid på, det som omhandlar barna, eller det som omhandlar det økonomiske/organisatoriske?
5. Kva krav i rammeplanen ser de som viktigast å prioritere?
6. Får de realisert desse krava i praksis? I tilfelle nei, kva er til hinder? I tilfelle ja, på kva måte?
7. Kva grep vil de sei er naudsynt å ta for at krava skal kunne realiserast, samt stå i samsvar med det som er barnet sitt beste?

## Vedlegg 2

### Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet «Barnehageleiing – for barnet sitt eller økonomien sitt beste», og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju, der lydopptak vert nytta.

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta, og at opplysingane vert handsama i tråd med personvernlova.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

## Vedlegg 3

### **Vil du delta i forskingsprosjektet**

#### **«Kva implikasjonar får sterk ekstern leiing for kvalitetsskravet om barna sitt beste ?» ?**

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å finne ut om barna sitt beste, går på kostnad av andre eksterne krav som blir stilt til pedagogar og styrarar. I dette skrivet gjev vi deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg.

#### **Føremål**

Problemstillinga me har valt for vår bacheloroppgåve er, «Kva implikasjonar får sterk ekstern leiing for kvalitetsskravet om barna sitt beste?»

Me ønsker å finne ut om kvalitetsskravet om barna sitt beste, går på kostnad av dei eksterne krava av administrativ art, som blir stilt til pedagogar og styrarar.

#### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Høgskulen på Vestlandet, fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, er ansvarleg for prosjektet.

#### **Kvífor får du spørsmål om å delta?**

Me har valt å intervju styrarar og pedagogiske leiarar, då det er dei som er ansvarlege for å operasjonalisere dei krav og forskrifter som til ei kvar tid er gjeldande i barnehagen.

Me vil velje informantar og barnehagar me ikkje har kjennskap til frå før.

#### **Kva inneber det for deg å delta?**

Gjennomføringa av undersøkinga inneber intervju av styrar og pedagogiske leiarar, og vil ta om lag ein time. Me vil nytta lydopptakar samt ta notat.

#### **Det er frivilleg å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

Nr.1

**Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine**

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandler opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Dei som har tilgang ved behandlingsansvarleg institusjon er oss studentar, [REDACTED]  
[REDACTED] samt rettleiar Solveig Marie Borgund.

Alle informantar vert anonymiserte, og i oppgåva vert namna erstatta med kodar. T.d. Ped.leiar 1.

Det er me studentar som vil gjennomføre intervjuia, og som har ansvaret med å analysere datamaterialet.

Dersom me får karakteren A eller B, ynskjer me å publisere bacheloroppgåva vår. Me vil då be om tillating, og alle informantar må eventuelt samtykke før publisering skjer.

**Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Opplysingane blir anonymiserte når prosjektet er avslutta/oppgåva er godkjend, noko som etter planen er 25.mai 2023.

Alle informantar og alt innsamla materiale vert halde anonyme og sletta og makulert, etter godkjent bacheloroppgåve.

**Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?**

Vi behandler opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har personverntenestane ved Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

**Dine rettar**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandler om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

- Høgskulen på Vestlandet ved rettleiar Solveig Marie Borgund, e-post: [solveig.marie.borgund@hvl.no](mailto:solveig.marie.borgund@hvl.no), eller telefon 55587190.  
[REDACTED]
- Vårt personvernombod: Trine Anikken Larsen, epost: [trine.anikken.larsen@hvl.no](mailto:trine.anikken.larsen@hvl.no), telefon 55587682

Dersom du har spørsmål knytt til vurderinga av prosjektet frå Sikts personverntjenester kan du ta kontakt via:

- e-post ([personverntjenester@sikt.no](mailto:personverntjenester@sikt.no)) eller telefon: 73 98 40 40.

Venleg helsing

Solveig Marie Borgund  
(Forskar/rettleiar)

[REDACTED]  
(Studentar)

---

Nr.3

## Vedlegg 4

### **Vurdering av behandling av personopplysninger**

22.02.2023

**Referansenummer**

999260

**Vurderingstype**

Standard

**Dato**

22.02.2023

**Prosjekttittel**

Barnehageleiing - for barna sitt beste eller økonomien sitt beste ?

**Behandlingsansvarlig institusjon**

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett / Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

**Prosjektansvarlig**

Solveig M. Borgund

**Student****Prosjektperiode**

01.01.2023 - 25.05.2023

**Kategorier personopplysninger**

- Alminnelige

**Lovlig grunnlag**

- Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)

Nr.1

Behandlingen av personopplysningene er lovlig så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det lovlige grunnlaget gjelder til 25.05.2023.

### Meldeskjema

#### **Kommentar**

OM VURDERINGEN Sikt har en avtale med institusjonen du forsker eller studerer ved. Denne avtalen innebærer at vi skal gi deg råd slik at behandlingen av personopplysninger i prosjektet ditt er lovlig etter personvernregelverket. FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER Vi har vurdert at du har lovlig grunnlag til å behandle personopplysningene, men husk at det er institusjonen du er ansatt/student ved som avgjør hvilke databehandlere du kan bruke og hvordan du må lagre og sikre data i ditt prosjekt. Husk å bruke leverandører som din institusjon har avtale med (f.eks. ved skylagring, nettspørreskjema, videosamtale el.) Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32). MELD VESENTLIGE ENDRINGER Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til oss ved å oppdatere meldeskjemaet. Se våre nettsider om hvilke endringer du må melde: <https://sikt.no/melde-endringar-i-meldeskjema> OPPFØLGING AV PROSJEKTET Vi vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet. Lykke til med prosjektet!

Nr.2